



---

## MEDLEMSSKRIV OKTOBER 2020.

### **Søknad om prod.tilskot og avløysartilskot søknadsfrist 15. okt..**

Sommaren er over, og det er tid for å sende søknad om tilskot.

I år som i fjor er det veldig viktig at de registrerer kva som er brukt av avløysarutgifter hittil i år. Har de ikkje brukt noko fram til 15. okt., må de skrive ein 0,- for så å kunne endre/etterregistrere utgiftene fram til 10. jan. 2021. I søknaden skal de fylle inn dei avløysarutgiftene til ferie og fritid de har hatt fram til 15. oktober 2020.

Maksimalt tilskot i 2020 er kr. 85.800,-.

Det er sendt ut e-post med påloggingsinfo. for å kunne hente ut kontoutdrag. Kontoutdraget viser kor mykje som er brukt på ferie/fritidsavløysing. Ta kontakt om du har problem med å få dette til. Dei som ikkje har e-post, får kontoutdraget tilsendt i posten.

Som kjent er det mulig å få godkjent visse utgifter frå sjølvstendig næringsdrivande som avløysarutgifter. Her er det krav om at det beløpet som gjeld persondelen av timesasten som kan nyttast til avløysing må vere spesifisert med både tal timar og beløp. Tal timar åleine er ikkje godt nok. Ta kontakt om du lurar på noko omkring dette.

### **Digitale timelister**

Frå 01.01.2020 starta Avløysarlaget å tilby medlemmane sine ei digital løysing for innlevering av timelister / arbeidsavtalar m.m. Fleire har no teke dette i bruk, men vi ønsker fleire! Kom gjerne innom kontoret for ein demonstrasjon / presentasjon.

### **Avløysarkurs**

Avløysarkurset som brukar å vere på hausten, er utsett til vinter/vår 2021. Meir info kjem.

### **Fusjon av Bjerkreim Avløysarlag og Gjesdal Avløysarlag**

Styret i begge lag hadde styremøte 06.okt. og gjorde vedtak om å tilrå årsmøtet å vedta fusjon. Planen er at fusjonen skal verte gjeldande frå 01.01.21. Det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte onsdag 11. november. Innkalling kjem seinare.

### **Landbruksvikar**

Ein av våre faste landbruksvikarar, Ingrid Marie Austdal, er no sjukemeldt og vil i november starte på 12 mnd. fødselspermisjon.

Som vikar for henne i denne perioden, har Avløysarlaget tilsett Tone Iren Gravdal. Ho starta i stillingen 21. september. Tone Iren har god erfaring frå liknande arbeid både i Bjerkreim Avløysarlag og Time Avløysarlag.

Avløysarlaget ønsker henne velkommen og oppfordrar medlemmane til å nytta henne og Alf Helge til avløysing ved sjukdom / fødsel / ferie og fritid m.m. Ta kontakt på mob. 94 08 75 01 for bestilling.